




KUNNSKAP PÅ TVERS – KVA SKJER NÅR KOMMUNAR OG SJUKEHUS MØTES I EIT OG SAME HUS?

Helge Kvam | Fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg | Alver kommune

Anne Hildegunn Færøy | Samhandlingskoordinator/prosjektleder | Region Nordhordland IKS



Region Nordhordland

- området mellom Bergen og Sognefjorden, med kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy.
- om lag 45 000 menneske bur i regionen.



Region Nordhordland Helsehus (RNH)

Eigd av kommunane **Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen** og **Osterøy** gjennom Region Nordhordland Helsehus IKS

I bygget er det **kommunale tenester, spesialisthelsetenester og tannhelseteneste, kafeteria og kunnskapssenter** med møtefasiliteter


- Totalt **16 824 kvm BTA**
- På dagtid har **meir enn 250 personar** sitt virke i bygget. I tillegg er det aktivitet på kveld, natt og helg.
- **1000 - 1500 besøkande** går inn og ut kvar dag.
- Overlevert byggherre 11. januar og første innflytting var 5. mars 2021.

Kunnskap på tvers – kva skjer når kommunar og sjukehus samlast i eit og samme hus?

Eit lite tilbakeblikk – korleis fekk vi dette til?

Bakgrunn:

- Lang historie – tilbake til 2004
- Ønske om og behov for – å få behalda og få fleire spesialisthelsetenester til regionen
- Ønske om meir samarbeid på tvers av kommunane og med sjukehusa
- Felles helsehus – å behalda og styrka Knarvik som regionsenter



KUNNSKAPSSENTERET

Spesialisthelsetenester

- Ambulanse(HB)
- Avdeling for rusmedisin(HB)
- Blodprøvetaking(HB)
- BUP NH (HB)
- Dialyseklinikk (HB)
- Hud-poliklinikk (HB)
- Bjørgvin DPS, avd NH (HB)
- Musikkterapi (HB)
- Endokrinologisk poliklinikk (HDS)
- Ortopedisk poliklinikk (HDS)

Kommunale tenester

- Fysio- og ergoterapi (Alver)
- Fastlegekontor (Alver)
- Kommunepsykologar (Alver)
- Psykisk helse og rus (Alver)
- Jordmortenesta (Alver)
- Helsestasjon (Alver)
- PPT (Alver)
- Barnevernstenesta (Alver)
- Austrheim og Fedje
- Legevakt (int)
- ØHD (int)

Andre:

- Nordhordland tannklinikk (Vlfk)
- Psykologspesialist. Privat med avtaleheimel
- NKS Olaviken Alderspsykiatriske sjukehus (i prosess)
- Radiologi (utgreier behov og moglegheit)
- Andre spesialisthelsetenester (utgreier behov og moglegheit)

Døme på sentrale samarbeidspartnarar

- ✓ Kunnskapskommunen HO
- ✓ Alrek helseklynge
- ✓ Universitetet i Bergen
- ✓ Høgskulen på Vestlandet

- ✓ Frivillige lag og organisasjonar
- ✓ Digi Vestland
- ✓ Nordhordland kompetanseregion
- ✓ NAV
- ✓ Privat næringsliv

«Mykje meir enn reint sambuarskap!»
Ref. Eivind Hansen, adm.dir HB

Tema:

Kunnskap på tvers – kva skjer når kommunar og sjukehus møtes i eit og same hus?

1. **Kvifor treng vi eit regionalt helsehus?**
2. **Kva er målsettinga med ei slik samlokalisering?**
3. **Korleis etablere infrastruktur og felles rammeverk for samhandling, utvikling og framtidretta løysingar?**
4. **Kva no?**




1. Kvifor treng vi eit regionalt helsehus?

Kvifor eit helsehus i Knarvik – og kvifor trur vi det er viktig for innbyggjarane?

- **Brukarane er sett i fokus** – «ei dør inn» - tenester retta mot same brukargruppe i same etasje
- **Meir tverrfagleg kompetanse** under same tak
- Fleir **spesialisthelsetenester** lokalisert i regionen
- **Styrka fagmiljø** – utvikling og kompetansebygging
- **Betre behandlingstilbod** - betre koordinering, samhandling og samarbeid mellom aktørane
- **Auka beredskap** – akuttmedisinske – langvarige og behov for koordinerte tenester.
- **Rekruttera og behalda** kompetanse
- Base for meir **ambulante og desentraliserte** tenester
- Knarvik – eit **knutepunkt** for Nordhordlandskommunane
- Felles helsehus i Knarvik kan bidra til å utvikla og styrka Knarvik som **regionsenter**
- Knarvik **rekruttera** også frå Bergen – både pasientar og helsepersonell
- Ei satsing som støttar opp om **berekraftsmåla**; miljø, økonomi og sosial utvikling

Døme på utviklingstrekk som gjev utfordringar for kommunar og spesialisthelsetenesta:

- Fleire eldre med samansette lidingar
- Fleire som lever med kroniske sjukdommar
- Endra sjukdomsbilete - frå infeksjon til livsstilssjukdomar
- Utfordringar knytt til livsmeistring og psykiske lidingar
- Samhandlingssvikt mellom og innanfor tenestenivåa
- Utfordringar med å rekruttera og behalda personell
- Utfordringar med lang reiseveg til sjukehuset/spesialisthelsetenester.



2. Kva er målsettinga med ei slik samlokalisering?

Hovudmål:

Hovudmålsettinga med Region Nordhordland Helsehus (RNH) er å legge til rette for utvikling av **brukarvenlege, berekraftige og framtidsretta** løysingar, der **kommunale, interkommunale og spesialiserte tenester** er samlokalisert og samarbeider på tvers.

Formålet er å:

- betra helse og tryggleik for innbyggjarane i Region Nordhordland gjennom meir heilskapelege og koordinerte tenester
- styrka samarbeidet mellom kommunane i regionen, spesialisthelsetenesta, brukarane og sivilt samfunn gjennom auka dialog, utvikling av gode samarbeidsløysingar og tenleg oppgåveløysing
- skapa eit fagleg fellesskap som bidreg til rekruttering og auka kompetanse i regionen

For å følgje opp hovudmål og føremål er prosjekt **Fag- og tenesteutvikling i- og rundt RNH** etablert

Satsinga tar utgangspunkt i forventningar og behov sett frå ulike perspektiv:

A. For innbyggjarane (tenestemottakarar)

*Betre tilgang til eit **bredt, kompetent og pasientnært tenestetilbod** ved å:*

- *oppretthalda eksisterande spesialisthelsetenestetilbod lokalt*
- *etablera nye tenester og tilbod lokalt, deriblant naudsynt spesialisert kompetanse*
- ***redusera reisetid og belastning for dei pasientgruppene som treng det mest***
- *auka tryggleik i kvardagen*
- *auka grad av involvering i tenesteutforminga*
- *auka fokus på tenester som byggjer opp rundt- og forsterkar innbyggjaren sine ressursar, ynskjer og mål*
- ***styrka satsing på tidleg innsats, livsmeistring og førebygging.***

B. For kommunane, helseføretak og fylkeskommunen (tenesteytarane)

Sikra gode arbeidsplassar for tilsette i ein fagleg spanande kontekst som betrar verksemda si evne til måloppnåing gjennom:

- *auka samarbeid om ressurs- og kompetansekravjande oppgåver*
- *tilgang til tverrfaglege utviklingsarenaer, undervisningstilbod og kompetanseheving*
- *team-organisering og samarbeid på tvers av faggrupper og kommunale, interkommunale og statlege verksemder*
- ***skapa ein arena for utvikling av nye arbeidsmåtar og rutinar på tvers av tenestenivå***
- ***skapa organisasjon og struktur for samarbeid innan forskning, analyse og styringsdata***
- *utvikla kultur, arena og rutinar for samarbeid og samhandling med sivilt samfunn som styrkjer frivillig sektor.*

3. Korleis etablere infrastruktur og felles rammeverk for samhandling, utvikling og framtidretta løysingar?

- Alle samarbeidsaktørar i og rundt Region Nordhordland Helsehus treng **kunnskap** innan eit stort spenn av tema og område.
- Eit **felles kunnskapssenter** invitera til utveksling av kunnskap – betre kjennskap til kvarandre – og meir samanhengande tenester.
- **Felles møteplassar** – formelle og uformell gjer at folk møtast og legg til rette for å invitere andre inn.
- Fleire av dei viktige samarbeidspartane er organisert utanfor helsesystemet. Eit hus der ulike partar møtast jamt og trutt, vert ofte og ein stad der ein lettare **inviterer andre inn**.
- Felles hus og tilhald er godt grep for å lettare kunne **sjå behova** for ny kunnskap, praktiske **mogelegheiter for samarbeid** for betre og raskare kunnskap, og tettare kopling til praksis der kunnskapen skal **brukast**.
- **Felles kunnskapsprosjekt** er ein god og konstruktiv aktivitet å samlast om, og gjev gode rammer for at me i større grad kan forstå og respektere einannan sine utfordringar og sjå kva me kan få til saman.

Kva meir må til?

KUNNSKAPSSENTERET

- Ein arena for å:
 - *vidareutvikla møteplassar og strukturar for å dele*
 - *utvikle og implementere kunnskap*
 - *tenesteutvikling*
 - *synleggjere aktuell forskingsaktivitet*
- Behov for eit felles rammeverk som legg til rette for samarbeid:
 - *lokalt og regionalt*
 - *mellom kommunar, fylkeskommune, spesialisthelsetenesta*
 - *med utdannings-, utvikling- og kompetansmiljø.*

[Kunnskapssenteret](#)

4. KVA NO?

Rammevilkår for styring av fag- og tenesteutvikling i – og rundt Region Nordhordland Helsehus

Med utgangspunkt i **helsehusprosjektets mål og formål** er det semje om ei felles satsing på Fag – og tenesteutvikling i og rundt Helsehuset.

- **Del 1 Styringsdokument, godkjent 25.mai** - tydeleggjer mål og rammer for satsinga, konkretiserer organisering og styringsstruktur for korleis tenestene i fellesskap kan arbeide for å nå måla med prosjektet.
- **Del 2 Handlingsplan** - konkretiserer og legg til rette for operasjonalisering av felles prioriterte satsingsområde.



KVA NO? – del 2

Døme på tiltak og satsingar :

Kunnskapssenteret:

- Innhente kunnskap og erfaring frå andre kunnskapsklynger. (FoU avd. HB, Alrek helseklynge, Kunnskapskommunen HO Vest m.v.)
- Samarbeid med forskings- og utdanningsmiljø
- Kurs og kompetansehevande tiltak
- Undervise og lære av kvarandre
- Felles opplæringsprogram på tvers av nivå
- Samarbeid om:
 - forskingsstøtte, datafangst, prosjektkoordinering, monitorering m.v.
 - etablering av senter for simulering og ferdighetstrening
 - studenter/elever, praksis, masteroppgaver, PhD

Tenesteutvikling:

- Etablere nettverk og faglege samarbeidsarenaer
- Utvikling og bruk av digital samkonsultasjon
- Kvinnehelse i eit livsperspektiv
- Førebyggjande arbeid og tidleg innsats
- Felles innsats for heimebuande med demens
- Styrka samarbeid innan alderspsykiatri
- Samarbeid mellom avdelingar og tenester i bygget
- Få brukarstemma meir tydeleg fram, involvere brukara på systemnivå
- Friskliv-, læring og meistring
- Samarbeid mellom legevakt og ambulant akutt team (AAT) i Bjørgvin DPS
- Avdeling for rusmedisin (AFR) – styrka samarbeid mellom psykisk helse og rus

KVA NO? – del 3:

For å sikra samarbeid og utvikling må vi ha:

- Felles mål
- Forankring, forankring, forankring = tolmod
- KULTUR for samarbeid, endring og nytenking
- Ha tru på det vi held på med: legitimitet, truverdigheit og tillit
- Rammevilkår: økonomi, kompetanse og tid

Har vi gjennom etablering av KUNNSKAPSSENTERET i helsehuset lagt til rette for samarbeid, utvikling, forskning og innovasjon i og med kommunane i Region Nordhordland?